



NORWEGIAN HELSINKI COMMITTEE
DEN NORSKE HELSINGFORSKOMITE

Til: Utanriksminister Ine Marie Eriksen Søreide

17. januar 2018

Kjære Utanriksminister Ine Marie Eriksen Søreide,

Eg takkar for brev sendt av Audun Halvorsen i din stad den 11.januar 2018 vedrørande arrestasjonen av Oyub Titiev, leiar av Memorial sitt kontor i Groznyj.

Me og våre kollegar i Nord-Kaukasus set stor pris på at de har retta merksemd mot saka i sosiale media, og også etter det me forstår gjennom allereie gjennomførte møte.

Dessverre har saka allereie fått meir alvorlege etterspel i det Oyub Titievs advokat i går publiserte eit brev skrive av Oyub Titiev til President Putin, formann i den russiske etterforskningskomiteen Bastrykin og leiar av FSB Bortnikov. I brevet åtvarar Titiev om følgjande;

.... dersom eg på nokon måte erkjenner meg skuldig i handlingane som eg er skulda for, vil det tyde at eg er blitt tvungen til å erkjenne meg skuldig gjennom fysisk makt eller utpressing.

Når ein erfaren aktivist som Titiev kjenner behov for å sende eit slikt brev er det openbart at slike handlingar er nært føreståande eller allereie er sett i verk mot han.

I tillegg blei kontoret til Memorial i naborepublikken Ingusjetia påtent og fullstendig skada natt til i dag, med den følgje at verken tilsette eller viktig informasjon har det nødvendige vernet i ein slik pressa situasjon.

Mønsteret er det same som blei nyitta då kontoret til den russiske Komiteen mot Torturs Joint Mobile Group i Groznyj blei påtent og brann ned for to år sidan, etterfølgt av fysiske åtak på komiteens medarbeidrarar.

Det er derfor gode grunnar til å tru at situasjonen vil eskalera ytterlegare, og me ber med dette Utanriksministeren om å ta til orde for ein samla delegasjon med venleg stilte diplomatar frå til dømes ambassadar i Moskva for å besøke Titiev og hans kollegar i begge republikkar. Eit slikt nærvære vil vera avgjerande for å hindra bruk av tortur mot Oyub Titiev som allereie er i styresmaktene sine hender, og trakassering mot hans kollegar som no er i ein ekstra utsatt situasjon.

Med venleg helsing,

Bjørn Engesland

Generalsekretær

Lene Wetteland

Leiar av Russlandsavdelinga